



Gospelkoret ABRAHAM vitja Kvinnherad i kveld.

Fengjande rytmer, friske tonar, flotte stemmer og ei formidling med innhald. Prosten i Sunnhordland prosti, Theodorsen, brukte desse orda då han takka Lina Håland og gospelkoret ABRAHAM for ein framifrå konsert i Valen kyrkje i kveld. I ei fullsett kyrkje fekk vi eit solid og innhaldsrikt møte med den nye soknepresten og koret hennar frå heimlassen hennar Julabygda ved Sandnes.

Forutan tradisjonell gospel med tekstar av Andrae Crouch, Kirk Franklin og Bob Dylan. fekk vi eit sterkt møte med to aktuelle Sigvart Dagsland tekstar i ei uroleg tid i Israel, Palestina, Syria og Ukraina.

I gospelkoret ABRAHAM finn vi 18 dyktige songarar, reine stemmer, god uttale og presise i alt som vert framført. Bjarte Lending er musikalsk leiar og meir enn det. Han er solist, pianist og ein artig og slagferdig konsertleiar. Vi merkar oss at han er godt kjend med lokale seiemåtar i Kvinnherad med indre- og ytre luten.

Lina Håland hadde ein sentral rolle i konserten. Ho er solist og har vore ein inspirator for koret. Tittel på konserten var 'Hjemmefra'. No er ho heimante, reist til Kvinnerad og vert i morgon ordinert til sokneprest i Uskedalen.

Vi seier berre: Møt fram i Husnes kyrkje til markeringa og på den måten ta vel mot Lina Håland.



Solist og ein sentral songar i koret, Lina Håland.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland